



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

<http://www.hordaland.no/Aktuelt/Nyhende/Seks-nye-friluftsomrade-i-Hordaland/>

Skriv ut

## Seks nye friluftsområde i Hordaland

Hordaland får seks nye friluftsområde etter tilråding frå kultur- og ressursutvalet. Områda blir kjøpt av grunneigarane for ca tre millionar kroner og blir forvalta av dei to friluftsråda i fylket.



– Det er viktig å gjere friområda tilgjengelege for alle, seier Anne-Beth Njærheim, leiar av kultur- og ressursutvalet i Hordaland etter at seks nye område i fylket er kjøpt inn og sikra til friluftsliv. (foto: Bjarte Brask Eriksen)

### **Bergen, Kvinnherad, Bømlo, Vaksdal og Fitjar**

To område ligg i Bergen: Løvstien og Lyreneset. Dei andre fire er Valøya i Kvinnherad, Plassaholmen i Bømlo, Stanghelle i Vaksdal og Langøy i Fitjar.

### **Friluftsliv på topp**

– Det er viktig å gjere friområda tilgjengelege for alle. Vi må ha universell utforming og område som ikkje er gjerda inn. Då vi fekk innspel til den nye kulturplanen, stod friluftsliv på topp over aktivitetar på fritida, seier Anne-Beth Njærheim, leiar av kultur- og ressursutvalet i fylket.

### **To friluftsråd**

Det er Bergen og Omland friluftsråd og Friluftsrådet Vest som søker og forvaltar friluftsområda. Søknadene går til kultur- og ressursutvalet som prioriterer. Deretter går saka til Miljødirektoratet som tildelar pengane og sikrar eigedomane til offentleg eige.

**Søkte etter fristen**

I år kom det inn fire søknader. Disse vart prioritert og det var pengar til å kjøpe alle fire eigedomane. Etter fristen kom det inn to nye søknader, og det viste seg at det var pengar igjen til å kjøpe desse også.

Slik blir eigedomane kjøpt: Løvtien: 34 090 kr, Lyreneset 176 530 kr, Valøya 58 000 kr, Stanghelle 256.000 kr og Langøy 2,2 millionar kroner. Det er set av 100 000 kroner til kjøp av Plassaholmen, men der blir kjøpesummen utbetalt når rett til å bruke privat veg, er avklara.

**Nok ein søknad**

Hordaland fylkeskommune har fått nok ein søknad om kjøp av friluftsområde. Det er Kobbavågen i Os for 340.000 kroner. Søknaden er under vurdering og blir sendt til Miljødirektoratet.

**23,8 millionar kroner**

I år har det kome relativt få søknader i landet til kjøp av friluftsområde. Årsaka kan vere at Miljødirektoratet har opna for fortløpande tildeling av pengar. I år er det avsett 23,8 millionar kroner.

**16 nye område i fjor**

I fjor kom også Hordaland godt ut. Då vart 16 område i seks kommunar kjøpt til å bli friluftsområde for 5,5 millionar kroner.

**Kjempejobb**

Anne-Beth Njærheim fortel at det er to søknadsordningar.

– Først får ein pengar til å kjøpe og sikre friluftsområde, deretter kan friluftsråda søkje om midlar til tilrettelegginga av områda, som toalett, brygge, stiar, tilhøve for handikappa, etc. Den store satsinga i fjor var tilrettelegging av friluftsområdet ved Ådlandsvatnet på Stord. Dei to friluftsråda i fylket gjer ein kjempejobb. Dei skal ha all ære for jobben dei gjer med å sikre og tilretteleggje friluftsområda, seier leiaren av kultur- og ressursutvalet i Hordaland, Anne-Beth Njærheim.

Bjarte Brask Eriksen

Endra: 11.09.2015 18:06

Hordaland fylkeskommune © 2015

Ansvarleg redaktør: [Janne Værnø](#)

Redaktør: [Bjarte Brask Eriksen](#)